



Verneområdestyret  
Setesdal Vesthei,  
Ryfylkeheiane og  
Frafjordheiane

# Møteinnkalling

---

**Utvalg:** **AU i verneområdestyret for SVR**

**Møtested:** , Teams

**Dato:** 13.03.2026

**Tidspunkt:** 13:30

---

Eventuelt forfall må meldes snarest til en av verneområdeforvalterne. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

## Saksliste

<b>Utvalgs- saksnr</b>	<b>Innhold</b>	<b>Lukket</b>	<b>Arkiv- saksnr</b>
AU 14/26	Godkjenning av innkalling og saksliste		
AU 15/26	Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar		
AU 16/26	Referatsaker		
AU 17/26	Orienteringssaker		
AU 18/26	Søknad om å arrangere Hovdentour. Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Vidmyr naturreservat. Bykle kommune.		2026/3563
AU 19/26	Eventuelt		



Arkivsaksnummer: 2026/3563

Saksbehandlar: Jørn Trygve Haug

Dato: 11.03.2026

Utval	Utvalsak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	18/26	13.03.2026

## Søknad om å arrangere Hovdentour. Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Vidmyr naturreservat. Bykle kommune.

Vedlegg:

- 1 Søknad Løype på Vestheia.docx
- 2 Kart skiløype Nos.docx

### Forvaltar si innstilling

Med heimel i *Naturmangfaldslova § 48* og *Forskrift om vern av Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde kap. 4 pkt. 4.1*, vert det gjeven løyve til å arrangere Hovdentour 21.3. 2026 i etablert løypenett på vestheia på Hovden, liggjande på Vidmyr naturreservat og Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde i Bykle kommune. Løyvet gjeld gjennomføring etter alternativ A jamfør søknad dagsett 9.3.2026, og til bruk av inntil tre snøskuterar til service og støttefunksjonar 20.3, og inntil fem snøskuterar 21.3.

Løyvet vert gjeven med følgjande vilkår:

- Maskinpreparering skal føregå i etablert løypenett og i tråd med Hovden Hytteservice sitt eksisterande løyve dagsett 3.9.2024, sak 24/24.
- Snøskuterane skal halde seg langs maskinpreparert løype og der køyringa skal avgrensast til det som er strengt naudsynt for å gjennomføre arrangementet. Alle køyretøy skal vera uniformerte og ha med seg løyve.
- Opprydding etter arrangementet skal vera ferdig i løpet av 21.3.
- Ved melding om eller observasjon av villrein i nærområdet til løypetraseane i dagane før arrangementet skal rennet skal avlysast. Ved tvil skal avgjersla takast av forvaltningssekretariatet for SVR i samråd med styreleiar eller nestleiar.

Arbeidsutvalet legg vekt på at arrangementet går i etablerte løyper der det alt er gjeven løyve til maskinpreparering. Arrangementet inneber difor lite tilleggsbelastning i høve til aktiviteten som allereie er i området.

Løyvet er mellombels og avgrensa til arrangementet i 2026 grunna dei dårlege snøtilhøva på austheia. Pågåande arbeid med tiltaksplanen for Setesdal Ryfylke villreinområde, revisjon kommuneplanen og sti- og løypeplanen for Bykle, samt forventa ny søknadsrunde for Stornos 1 og 2 samt Sloarosløypa i løpet av 2026, kan innebere ei endring i løypetilbodet på vestheia. Arrangør kan såleis ikkje pårekna flytting av Hovdentour til vestheia som ei

permanent ordning eller som fast reserveløysing dei åra det er dårlege snøtilhøve på austheia.

Motorferdsel vil i mange høve også vera søknadspликтig etter *Lov om motorferdsel i utmark*. Søknad om dette må sendast kommunen.

Etter § 10 i *Lov om motorferdsel i utmark* kan grunneigar nekte motorferdsel på sin eigedom. Vi oppmodar difor om at arrangør hentar inn samtykke frå aktuelle grunneigarar der dette skulle være naudsynt.

--- slutt på innstilling ---

## Saksopplysninger

Skirennnet Hovdentour har med unntak av to år vore arrangert på austheia på Hovden sidan 2012. Tal deltakarar i 2024 og 2025 var høvesvis 1542 og 1275. Normalt har det vore to alternative trasear med lengde 22 km og 42,5 km. Skirennnet er klassifisert som turrenn etter NIF's sitt gjeldande reglement. Arrangementet er i år lagt til laurdag 21. mars.

Grunna lite snø på austheia i år har arrangør søkt om å flytte rennet til vestheia, dvs til løypenettet kring Nos der pr. nå er betre snøtilhøve. Sjå søknad vedlegg 1 og 2. Om det fram til renndagen skulle kome meir snø på austheia vil løpet gå som planlagt der.

For gjennomføring på vestheia er det søkt om to alternativ. Alternativ A inneber start 500 meter nedanfor toppen av skiheisen. Målgang på toppen av skiheisen på Nos. Rennet går då i etablert løypenett der Hovden Hytteservice alt har løyve til maskinpreparering innafor vernegrensa. Både drikkestasjonar og målområdet kan plasserast utanfor verneområdet. Til gjennomføring er det behov for 5 – 7 snøskuterar men ikkje alle treng køyre innafor vernegrensa. Mannskapet skal nyttast til ulike servicefunksjonar undervegs og ivareta tryggleiken til deltakarane.

Alternativ B er lik alternativ A men der eksisterande trasear vert forlenga med 2 – 3 km. nedanfor Nos og nordover på Vidmyr. For dette alternativet treng ein noko meir tid på grunnpreparering ved å køyre med løypemaskin helga i forkant. Det vil også vera behov for ein ekstra drikkestasjon og ein auke til 10 snøskuterar for gjennomføring.

Løypetraseane går fram av kartet nedanfor. Grøn og raud skravering syner kva delar av traseen som går i dei verna områda.



§ 48. Etter denne paragrafen kan det gjevast unntak frå vernevedtaket om det ikkje strir mot verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

Forvaltar legg til grunn at sjølve arrangementet også vil vera søknadspliktig etter verneforskrifta kap. 4 pkt. 4.1 der det går fram at større idrettsarrangement må søke forvaltningsmyndigheita om løyve.

Verneføremålet for Vidmyr naturreservat er å ta vare på eit stort og representativt myrområde med godt utvikla bakke- og strengemyrer som har ein rik flora med eit stort innslag av artar som er plantegeografiske interessante.

Etter verneforskrifta for Vidmyr kap. 4 pkt. 4 er motorisert ferdsel forbode. Bruk av løypemaskin er difor søknadspliktig og må handsamast etter naturmangfaldslova § 48. Etter kap. 5 pkt. 6 er organisert idrettsutøving på snødekt mark tillate. Hovden Hytteservice har frå før løyve til maskinpreparering på Vidmyr frå sesongstart til 30. april, men dette gjeld ikkje avstikkar 2 – 3 km nordover ref. alternativ B i søknaden. Bruk av løypemaskin og snøskuterar i denne delen av traseen må difor handsamast etter naturmangfaldslova § 48.

## Vurdering

### Vurdering etter naturmangfaldlova (NML)

Etter § 7 i Naturmangfaldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 i naturmangfaldlova leggst til grunn som retningsliner ved utøving av offentleg myndigheit. Forvaltningsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet vurdere søknadane etter desse paragrafane


### NML § 8 Kunnskapsgrunnlaget

Kunnskapen om naturmangfaldet i området er henta frå lokalkunnskap, Miljødirektoratet sin naturbase ([www.naturbase.no](http://www.naturbase.no)), database for sensitive artsdata samt frå NINA sitt GPS-merkeprosjekt, Klassifisering av dei ti nasjonale villreinområda etter kvalitetsnorm for villrein (NINA rapport 2126 fra 2022) og kartfortelling delnorm 3 (<https://villrein.no/kvalitetsnorm/delnormtresetesdalryfylke/>). Ferdseldata er henta frå registrering gjort av forvaltningssekretariatet, avlese og kvalitetssikra av NINA.

Områda kring Nos er i Naturbase definert som sommar, haust og vinterbeiteområde for villrein. Dei seinare åra er områda hovudsakeleg nytta gjennom vinteren og då særleg nord og vest for Veggine. Gjennomgåande er områda kring Hovden av dei få stadene i villreinområdet med større samanhengande lavmatter som er særleg viktig beite i vinterhalvåret.

Vestleg del av løypa Storenos ligg innafor kalvingsområde for villrein der det jamfør verneforskrifta er ferdselsforbode i perioden 25.4 – 31.5. Det har ikkje vore dokumenter kalving her i seinare tid. Hovudsakeleg skjer kalving lenger sør i dalføret Vatnedalen – Ormsa og ned mot Bossvatn.

Kartet nedanfor syner GPS-posisjonar frå villrein i perioden 2006 – juli 2024 for perioden mars månad. Lilla skravur er omsynssone i trekkområda Lundane og Lislefjødd slik dei ligg i Heiplanen. Dei seinare åra er det berre sporadisk det trekk over villrein her. Truleg skuldast den låge trekkaktiviteten ein kombinasjon av bestandsstorleik, vegtrafikk, utbygging og ferdsel.



I klassifiseringa av dei ti nasjonale villreinområda (kartfortelling delnorm 3 ref. kart nedanfor) er området Storenos omtala som fokusområde med 50 – 90 % redusert funksjonell arealutnytting for villrein sommar, haust og vinter. I kalvingsperioden over 90 % reduksjon. Området Lundane – Lislefjødd er definert som funksjonell trekkpassasje med over 90% reduksjon i bruk sommar, haust og vinter.

Kart etter kartfortelling delnorm 3:



I skiløypa Storenos 1 vart det gjort ferdselsregistrering i 2018. Resultatet synte totalt 4644 passeringar og med eit gjennomsnitt på 59 passeringar pr. dag. For løypa vidare til Sloaros er det gjort registrering fleire sesongar med eit snitt på 61 passeringar pr. dag for åra 2023 og 2025 (målepunkt botnen av Krossloskardet). Hovdentour går ikkje inn i denne traseen men stoppar før Krossloskardet.

Data frå sensitive artsdata syner lokasjon av raudlista fugl eit stykke vest for dei aktuelle traseane. Vurderinga er at desse ikkje vert råka av aktiviteten det er søkt om.

Ut frå kjend kunnskap er det ikkje andre særleg sårbare artar som vert råka av aktiviteten. Ut frå omtalen ovanfor vurderer ein kunnskapsgrunnlaget som tilstrekkeleg til å fatte vedtak i saka. § 9 («Føre var prinsippet») vert likevel tillagt vekt i dei vidare vurderingane.

#### NML § 10 Økosystemtilnærming og samla belastning

Løypetraseane ligg tett på sentrum av Hovden med store hytteområde og ferdsel ut i frå desse. Svært mykje aktivitet og ferdsel er knytt til områda kring skiheisen og vidare inn løypenettet mot Krossloskardet og Veggine (Storenos 1). Ferdsel i området er særleg stor seinsommar/haust, samt frå vinterferie og fram til påske. Løypa Storenos 1 utgjer første del av DNT sør si merka vinterløype til Sloaros turisthytte.

Som nemnd i saka vert det alt gjeven løyve til maskinpreparering av Storenos 1 og 2 delar av sesongen. I saka frå 2024 som gjaldt dette løyvet vart det mellom anna lagt vekt på at i område så nær Hovden og skiheisen vil det uansett vera mykje aktivitet. Det ville såleis vera positivt med den kanalisierende effekten av løypene.

Det større bilete for Setesdal Ryfylke villreinområda er eit villreinområde med stor negativ påverknad frå vasskraftutbygginga, med tap av trekkveggar og beiteområde som konsekvens. Dei mange anleggsvegane, saman med eit omfattande turistløypenett, har bidrege til stadvis mykje ferdsel langt inn i villreinområda og verneområda. Omfattande hytteutbygging i randsona har også bidrege til auka ferdsel og aktivitet dei seinare åra.

I forslag til tiltaksplan for villrein er det foreslått å avgrense maskinpreparering av Sloarosløypa (frå Krossloskardet) til berre å gjelde påske.

### NML § 11 Kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar og NML § 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar

Søkar er ansvarleg for at arrangementet vert gjennomført på ein miljømessig god måte slik at påverknaden på verneområdet og verneverdiane vert så små som råd. Det er sett vilkår i løyvet for å ivareta dette.

### Vurdering etter naturmangfaldslova § 48

Handsaming etter denne paragrafen gjeld bruk av snøskuterar til service og støttefunksjonar. I tillegg maskinpreparering av 2 – 3 km sløyfe nordover på Vidmyr utanfor etablert løypenett, ved gjennomføring etter alternativ B.

Det ligg alt føre løyve for maskinpreparering av Storenos 1 og 2. Arrangementet inneber såleis lite tilleggsbelastning i høve til det som alt er i området. Gjennomføring etter alternativ B krev maskinpreparering av nye trasear på Vidmyr, men sidan dette skjer på snødekt mark er det liten fare for negativ påverknad på verneføremål og verneverdiane i Vidmyr naturreservat. Ny trase nordover på Vidmyr ligg nærmare inngangen på trekkorridoren på Lundane. Gjeven pågåande aktivitet i kringliggjande område og kor villreinen normalt oppheld seg på denne tida vurderast likevel konflikten å vera liten.

Kalvingsområde for villrein kring Storenos har iflg. Kartfortelling delnorm 3 ikkje vore nytta til kalving dei seinaste 25 år på tross av ferdselsforbod i området sidan år 2000. Ein kjenner ikkje årsaka fullt ut men det kan henge saman med bestandssvingingar, naturleg variasjon/rotasjon på val av kalvingsområde over tid, evt. i kombinasjon med ferdsel/forstyring i området eller i trekkrutene/inngongen til kalvingsområdet. Hovdentour går uansett føre seg i god tid for ferdselsforbodet og tidspunkt for kalving.

Ut i frå vurderingane ovanfor vil ikkje vil ikkje arrangement stri mot verneføremålet og ikkje påverke verneverdiane nemneverdig.

Det må understrekast at eit løyve i saka er mellombels og avgrensa til arrangementet i 2026. Pågåande arbeid med tiltaksplanen for Setesdal Ryfylke villreinområde, revisjon kommuneplanen og sti- og løypeplanen for Bykle, samt forventa ny søknadsrunde for Storenos 1 og 2 samt Sloarosløypa i løpet av 2026, kan innebere ei endring i løypetilbodet på vestheia. Arrangør kan såleis ikkje pårekna flytting av Hovdentour til vestheia som ei permanent ordning eller som fast reserveløysing dei åra det er dårlege snøtilhøve på austheia.

## **Konklusjon**

Søknaden vert innvilga med vilkår og etter alternativ A. Det vert lagt vekt på at arrangementet går i etablerte løyper der det alt er gjeven løyve til maskinpreparering. Arrangementet inneber difor lite tilleggsbelastning i høve til aktiviteten som allereie er i området.

Løyvet er mellombels og avgrensa til arrangementet i 2026 grunna dei dårlege snøtilhøva på austheia. Pågåande arbeid med tiltaksplanen for Setesdal Ryfylke villreinområde, revisjon kommuneplanen og sti- og løypeplanen for Bykle, samt forventa ny søknadsrunde for Storenos 1 og 2 samt Sloarosløypa i løpet av 2026, kan innebere ei endring i løypetilbodet på vestheia. Arrangør kan såleis ikkje pårekna flytting av Hovdentour til vestheia som ei permanent ordning eller som fast reserveløysing dei åra det er dårlege snøtilhøve på austheia.



HOVDENTOUR

Jørn Trygve Haug  
Verneområdeforvalter

Hovden 9.mars 2026

Roar Hjelmeset  
Kolmila 2  
4755 Hovden

## **Søknad gjennomføring Hovdentour i Setesdal Vesthei Ryfkeheiene landskapsvernområde.**

### **Hva er -HovdenTour**

Turrennet Hovdentour har blitt arrangert hver vinter siden 2012(minus 2 år med pandemi) Rennet avholdes i uke 11 - 13, så sant ikke spesielle forhold gjør at rennet må flyttes til en annen uke. HovdenTour er eid av Bykle Idrettslag og Hovden Sportsklubb. Siste tre årene har deltaker antallet variert fra 1550 til 1280 personer.

Rennet er klassifisert som turrenn innenfor NIF's gjeldende reglement.

Vinteren 2026 har vært lite snø på Hovden og de ordinere løypene på Lundane og Auversvatn er det per 9.mars nesten ingen snø igjen. Likevel er det kommet en god del mer snø på Hovden sin Vesthei. I dette området er det allerede oppkjørte skiløyper. Løypene har navnet Krossloskaret og Lisle Storenut. Skirennnet -HovdenTour skal arrangeres lørdag 21.mars. Vi som arrangør ønsker å gjennomføre dette rennet så lenge de ordinære løyper på Vestheia er operative. Det kan selvsagt skje at det kommer mer snø på Hovden og at vi kan bruke ordinære løype ved Lundane og Auversvatn til vårt renn.

### **Hovdentour sin forespørsel er**

#### **Alternativ A.**

Bruke skiheisen til toppen av Nos også bruke eksisterende løyper som er kjørt opp ved Krsoloskaret og Lisle Storenut. Vi må ha start ca 500 meter på nedsiden av skiheisen på Nos i eksisterende skiløype. Målgang vil være på toppen av Nos ved skiheisen. En del av distansene vil innebære at noen går flere runder. Om det er nok snø vil 200-250 personer starte nederst av skiheisen og følge eksisterende skiløype opp der til de andre starter.

For å arrangere skirenn trenger vi noe skuter transport, dette kan vi ta ned til det nederste av det vi trenger. Vi kan klare oss med 5-7 skutere, ikke alle disse trenger å kjøre inni landskapsvern området, men noen skuter patruljer kan holde seg i ytterkanten av det vernet område.

Tråkkemaskin trenger kun å kjøre løype fra torsdag av slik den gjør nå.

Vi ønsker en drikke stasjon, men den kan bli plassert på utsiden av verneområdet.

Det vil selvsagt være drikkestasjon i målområdet pluss at det i dette området vil det være mer folk en slik dag en andre dager.

Arrangementet holder på fra 09:00-15:00



## HOVDENTOUR

Det vil være noe skutertrafikk også dagen før, men det kan reduseres til tre skutere som må merke løype med ulike skilt osv.

Oppgave til skuter er sikkerhet til deltakere. Om det forekommer skade av deltakere skal det være mulighet og hjelpe deltakere. Skuter kjører ved siden av eksisterende løype.

### **Alternativ B**

Alle punkter som på alternativ A, men et ønske om at en kan forlenge løype med to-tre km. Området det vil være enklest å utvide løypa er på nedsiden av Nos mot Vidmyr Naturreservat. Området vil være på oppsiden av tregrensen like ved der eksisterende skiløype går. I dette området er det flatt og det er per i dag bra med snø. Her bør man kjøre 2 turer i helgen i forkant slik at løype kan sette seg. Så blir denne løypa på nytt kjørt torsdag 19.mars.

Som en alternativ B er det også et ønske om å legge til rette for en drikkestasjon til og en økning til 10 skutere. Heller ikke her trenger alle skutere være inni selve landskapsvern område. Skutere kjører fortsatt ved siden av eksisterende løype.

### **Avslutning**

Som jeg skrev tidligere er vårt hoved ønske at vi kan bruke eksisterende løyper der vi allerede har planlagt renn. Om mildværet fortsetter vil snøen forsvinne, og det vil gå mot en avlysning av rennet. I søknaden over er det to dager med mer skutertrafikk enn hva som er vanlig på Vestheia. Antall mennesker er mindre denne dagen enn hva flotte påskedager samler i Vestheia området.

Takker likevel for at dere ønsker å ta imot søknaden også håper vi på et positivt svar. Selv om jeg har kommet med forslag på hvordan ting kan løses er det selvsagt mulig for dere og legge føringer på hvordan vi skal gjennomføre dette.

Mvh

Roar Hjelmeset

Daglig Leder Hovdentour.

Kart med godkjende trasear. Sloarosløypa, Storenos 1, Storenos 2 og Vidmyr merka med blå linje



**AU 19/26 Eventuelt**